



Møte i Studentparlamentet

nr 4/19-20

Onsdag 29. januar 2020

Møterom Kaarstad 202

KI 16-19

Matsservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

Saksliste

Sak 27 – 19/20:	Opprop og val av møteleing	2
Sak 28 – 19/20:	Godkjenningar.....	2
Sak 29 – 19/20:	Orienteringar.....	4
Sak 30 – 19/20:	Endring av møtedato for februar møtet	4
Sak 31 – 19/20:	Val av ny informasjonsansvarleg i AU.....	5
Sak 32– 19/20:	Suppleringsval, Studentparlamentet	5
Sak 33 – 19/20:	Suppleringsval, råd og utval ved HVO.....	6
Sak 34 – 19/20:	Val av studentrepresentantar, mediebygget.....	6
Sak 35 – 19/20:	Val av studentrepresentantar, strategi 21.....	7
Sak 36 – 19/20:	Livssystemeste ved HVO.....	7
Sak 37 – 19/20:	Godkjenning av årsmelding 2019	8
Sak 38 – 19/20:	Godkjenning av rekneskap for 2019.....	9
Sak 39 – 19/20:	Vedtak av budsjett 2020.....	10
Sak 40 – 19/20:	Studentmelding til NOKUT	12
Sak 41 – 19/20:	Deltakarar på Studentkonferansen 2020.....	12
Sak 42 – 19/20:	Eventuelt	12

Sak 27 – 19/20: Opprop og val av møteleing

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Namneopprop

Val av møteleing og teljekorps

Forslag til vedtak:

- Paloma Lorenzale Alonso vert vald til ordstyrar
- Marit Aklestad vert vald til referent
- Mathilde Gaalaas-Berg og Marit Aklestad vert valde til teljekorps

Sak 28 – 19/20: Godkjenningar

Type sak: Vedtakssak

Sakshandsamar: Ordstyrar

Godkjenning av møteinnkalling**Merknad:** Innkallinga med sakspapir kom for seint.**Godkjenning av saksliste og dagsorden**

Eventuelle merknadar eller endringar av sakslista, samt eventuelt-saker vert meldt inn her.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner sakslista med fylgjande forslag til dagsorden:

	Dagsorden for studenttingmøte 31.01.18	
16.30	Sak 27 – Opprop og val av møteleiing	Vedtakssak
	Sak 28 – Godkjenning av innkalling, saksliste og referat	Vedtakssak
	Sak 29 – Orienteringar	Orienteringssak
17.00	Sak 30 – Endring av møtedato for februarmøtet	Vedtakssak
17.05	Sak 31 – Val av ny informasjonsansvarleg i AU	Vedtakssak
17.15	Sak 32 – Suppleringsval, Studentparlamentet	Vedtakssak
17.25	Sak 33 – Suppleringsval, råd og utval ved HVO	Vedtakssak
17.40	Sak 34 – Val av studentrepresentantar, mediebygget	Vedtakssak
17.50	Sak 35 – Studentrepresentantar, Strategi 21 HVO	Vedtakssak
18.00	Kaffipause	
18.10	Sak 36 – Livssynsteneste ved HVO	Diskusjonssak
18.20	Sak 37 – Godkjenning av årsmelding 2019	Vedtakssak
18.30	Sak 38 – Godkjenning av rekneskap 2019	Vedtakssak
18.35	Sak 39 – Vedtak av budsjett 2020	Vedtakssak
18.45	Sak 40 – Studentmelding til NOKUT	Vedtakssak
19.00	Sak 41 – Deltakarar, Studentkonferansen 2020	Vedtakssak
19.10	Sak 42 – Eventuelt	Vedtakssak
19.15	Møtekritikk	
19.20	Møteslutt	

Godkjenning av referat**Forslag til vedtak:** Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 27.11.19.

Sak 29 – 19/20: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

HVO

- Studiebarometeret (Johann Roppen)
- Studentrepr., arb.gruppe mediebygget og Strategi 21 HVO (Niels Andreasen)

AU

- NSO Landsmøte i Tønsberg 17.-19. april. Formøte 27.-29. mars. (Trym)
- Vedtektsendringar (Trym)
- Nytt Studentombod (Trym)
- Kaffiautomatar (Mathilde)
- Buddyweek (Paloma)
- Norskskurs (Paloma)
- Pris for internasjonalisering (Paloma)
- SAIH Vintersamling på Utøya 21.-23. februar. Påmeldingsfrist 10.02. (Paloma)
- Velferdsgruppa (David)
- Jobbsøkjarkurs 4. febr. kl 16 (David)
- Sosialt vårsemesteret i SP (David)

Info frå Studentsamskipnaden

Info frå stud.repr. i råd og utval

Sak 30 – 19/20: Endring av møtedato for februar møtet

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Mathilde Gaalaas-Berg

Det viser seg at vinterferien er i veke åtte, slik at det ikkje er gunstig å ha parlamentsmøte den 19. februar som tidlegare vedteke. AU føreslår difor ny dato 26. februar 2020.

Forslag til vedtak: Februarmøtet i Studentparlamentet blir flytta til onsdag 26.02.20.

Sak 31 – 19/20: Val av ny informasjonsansvarleg i AU

Type sak: Vedtakssak
 Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen
 Vedlegg: Vedlegg 1 – Stillingsomtale for informasjonsansvarleg

Informasjonsansvarleg i AU i Studentparlamentet har trekt seg, og vi treng ein ny. Sjå vedlegg 1 for stillingsomtale av vervet som informasjonsansvarleg i AU.

Dei som stiller til val får høve til å presentere seg og halde valtale, og Studentparlamentet kan stille oppfølgingsspørsmål til kandidatane.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ved urneval ny informasjonsansvarleg til arbeidsutvalet i Studentparlamentet.

Sak 32– 19/20: Suppleringsval, Studentparlamentet

Type sak: Vedtakssak
 Sakshandsamar: Paloma Lorenzale Alonso

Nokre studentar har av ulike grunnar gått ut av Studentparlamentet. Rutinene er då at varaer rykkjer opp på lista, og at nye namn blir fylt på fra botnen. Vi manglar ein 2. vara for ASH og 2. og 3. vara for Frie repr.

ASH Avdeling for samfunnsfag og historie		FRI Frie representantar	
H	Ina Instad	H	Kishore Gajendra
H	Andrè Kjerpeseth Svarstad	H	Arnaud Duhamel
1. vara	Shehan Kolambage	H	Jørgen Tyrholm
2. vara		1. vara	Daria Jermacane
		2. vara	
		3. vara	

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ny 2. vara til ASH og ny 2. og 3. vara til FRI.

Sak 33 – 19/20: Suppleringsval, råd og utval ved HVO

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Paloma Lorenzale Alonso

Det har også blitt nokre ledige plassar i råd og utval ved HVO som skal fyllast opp:

- Internasjonalt utval, 2. vara
- Valstyret, 2. vara
- Skikkanemnda, 2. vara
- LMU, 4. vara

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ved urneval nye studentar til dei ledige verva i råd og utval ved HVO.

Sak 34 – 19/20: Val av studentrepresentantar, mediebygget

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Det er viktig med god studentrepresentasjon, ikkje berre i faste råd og utval, men også i utviklingsarbeid og pågåande prosjekt ved HVO. Det er ynskjeleg med 2 studentar i gruppa som arbeidet med det nye mediebygget.

Prosjektleiar Niels Jørgen Andreasen vil også orientere om saka under orienteringane i starten av møtet.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ved urneval to studentar til arbeidsgruppa for mediebygget.

Sak 35 – 19/20: Val av studentrepresentantar, strategi 21

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Det skal veljast studentar til den nye prosjektgruppa som skal utarbeide ny strategi for HVO gjennom prosjektet Strategi 21 HVO. Gjeldande strategiplan går ut i 2020, og arbeidsgruppa skal leggje fram forslag til ny strategiplan for Høgskulestyret i desember 2020. Prosjektleder Niels Jørgen Andreasen vil orientere om saka under orienteringane i starten av møtet i Studentparlamentet.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel ved urneval to studentrepresentantar til Strategi 20 HVO.

Sak 36 – 19/20: Livssynsteneste ved HVO

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: David Bernatek

Høgskulen i Volda har nyleg fått ein studenthumanist på Campus, i samarbeid med Human-Etisk forbund, og er også i ferd med å tilknytte seg ein studentprest i samarbeid med Den Norske Kyrkja. Planen er å få på plass ei livssynsteneste for studentane, som ei utviding av velferdstilbodet. Det kan handle om psykisk og eksistensiell helse, førebygging, samtalar, handtering av livskriser, danning og utvikling osv. Velferdsgruppa ved HVO vil forme tenesta etter studentane sitt behov, og vil difor gjerne ha innspel på kva som kan vere viktig at HVO tilbyr og korleis dette tilbodet kan kome studentane best mogleg til gode.

Forslag til vedtak: Innspela frå Studentparlamentet blir tekne med vidare i Velferdsgruppa i den vidare utviklinga av livssynstenesta.

Sak 37 – 19/20: Godkjenning av årsmelding 2019

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: David Bernatek
Vedlegg: Vedlegg 2 – Årsmelding for Studentparlamentet 2019

AU har skrive årsmelding for 2019 og legg fram denne for godkjenning i Studentparlamentet.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet godkjenner årsmeldinga for 2019.

Sak 38 – 19/20: Godkjenning av rekneskap for 2019

Type sak: Vedtakssak
 Sakshandsamar: David Bernatek

AU legg fram rekneskapen for 2019 for godkjenning i Studentparlamentet. Rekneskapen inngår også i Årsmeldinga for 2019, sak 37/19-20.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet tek rekneskapen for 2019 til vitende.

Rekneskap for Studentparlamentet 2019

Inntekter	Budsjett	
Støtte frå HVO	kr	125 000
Støtte frå SiVolda	kr	100 000
Inntekter frå standleige	kr	-
NSO, prosjektmidlar Brunost		
Language Club	kr	15 000
Totalt	kr	240 000

Utgifter	Revidert budsjett	Rekneskap
Drift av Studentparlamentet		
Seminar, kurs o.l.	26000	kr 24 827
Møtegjennomføring	20000	kr 21 403
Informasjon/profilering	30000	kr 20 017
Sosialt	25000	kr 3 745
Drift/kontor	15000	kr 5 886
Anna	5000	kr 1 794
Brunost Language Club	15000	kr 17 789
Sum	kr 136 000	kr 95 460

Støtte til studentaktivitetar		
Fadderveka	kr 5 000	kr 5 000
Pris for internasjonalisering	kr 5 000	kr 5 000
Studentorganisasjonar	kr 94 000	kr 77 000
Sum	kr 104 000	kr 87 000

Sum utgifter	kr 240 000	kr 182 460
---------------------	-------------------	-------------------

Driftsresultat

Inntekter	kr	240 000
utgifter	kr	182 460
Resultat	kr	57 540

Sak 39 – 19/20: Vedtak av budsjett 2020

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: David Bernatek

AU legg fram forslag til budsjett 2020 basert på tidlegare års rekneskap og budsjett. Totalbudsjettet er likt med føregående år, med små justeringar på dei ulike budsjettpostane. Budsjettet må sjåast i samanheng med Studentparlamentet sine overordna mål, som er nedfelt i prinsippprogram og årleg arbeidsprogram.

Når det gjeld Brunost Language Club, har Studentparlamentet søkt om og fått innvilga midlar med NSO på inntil 30 000 kr til kurset, 15 000 kr haust 2019 og 15 000 kr vår 2020. Kurset står difor oppført som eit eige prosjekt på budsjettet tiltenkt kursaktivitet våren 2020.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vedtek framlagt forslag til budsjett 2020.

Budsjett 2019

AU si innstilling til Studentparlamentsmøtet 29. januar 2020

Forventa inntekter

Støtte frå HVO	kr	125 000
Støtte frå SiVolda (velferdsmidlar)	kr	100 000
Inntekter frå standleige	kr	-
Prosjektmidlar NSO (Brunost Language Club)	kr	15 000

Totalt kr **240 000**

Forventa utgifter

Drift av Studentparlamentet

Seminar, kurs o.l.	kr	30 000
Møtegjennomføring	kr	25 000
Informasjon/profilering	kr	25 000
Sosialt	kr	25 000
Drift/kontor	kr	15 000
Anna	kr	5 000
Brunost Language Club	kr	15 000
Sum	kr	140 000

Støtte til studentaktivitetar - velferdsmidlar

Fadderveka	kr	5 000
Pris for internasjonisering	kr	5 000
Studentorganisasjonar og studentfestivalar	kr	90 000
Sum	kr	100 000

Totalt kr **240 000**

Oversikt over tidlegare års budsjett og rekneskap i Studentparlamentet

	2017	2017	2017
Drift av Studentparlamentet	Budsjett	Rekneskap	Til gode
Seminar, kurs og arr.	kr 39 000	kr 27 500	kr 11 500
Møtegjennomføring	kr 23 000	kr 20 100	kr 2 900
Informasjon/profilering	kr 35 000	kr 23 800	kr 11 200
Sosialt	kr 20 000	kr 14 500	kr 5 500
Drift/kontor	kr 3 000	kr 2 800	kr 200
Anna	kr 5 000	kr 3 400	kr 1 600
Sum	kr 125 000	kr 92 100	kr 32 900
Støtte	Budsjett	Rekneskap	Til gode
Fadderveka	kr 5 000	kr 5 000	kr -
Pris for internasjonalisering	kr 5 000	kr 5 000	kr -
Studentorganisasjonar	kr 90 000	kr 90 300	kr -300
Sum	kr 100 000	kr 100 000	kr -

	2018	2018	2018
Drift av Studentparlamentet	Budsjett	Rekneskap	Til gode
Seminar, kurs og arr.	kr 30 000	kr 19 477	kr 10 523
Møtegjennomføring	kr 25 000	kr 17 570	kr 7 430
Informasjon/profilering	kr 40 000	kr 38 842	kr 1 158
Sosialt	kr 20 000	kr 13 262	kr 6 738
Drift/kontor	kr 5 000	kr 2 640	kr 2 360
Anna	kr 5 000	kr 5 000	kr -
Sum	kr 125 000	kr 96 791	kr 28 209
Drift av Studentparlamentet	Budsjett	Rekneskap	Til gode
Seminar, kurs og arr.	kr 5 000	kr 5 000	kr -
Møtegjennomføring	kr 5 000	kr 5 000	kr -
Informasjon/profilering	kr 90 000	kr 90 000	kr -
Sum	kr 100 000	kr 100 000	kr -

	2019	2019	2019
Drift av Studentparlamentet	Budsjett	Rekneskap	Til gode
Seminar, kurs og arr.	kr 26 000	kr 24 827	kr 1 173
Møtegjennomføring	kr 20 000	kr 21 403	kr -1 403
Informasjon/profilering	kr 30 000	kr 20 017	kr 9 983
Sosialt	kr 25 000	kr 3 745	kr 21 255
Drift/kontor	kr 15 000	kr 5 886	kr 9 114
Anna	kr 5 000	kr -	kr 5 000
Sum	kr 121 000	kr 75 878	kr 45 122
Støtte	Budsjett	Rekneskap	Til gode
Fadderveka	kr 5 000	kr 5 000	kr -
Pris for internasjonalisering	kr 5 000	kr 5 000	kr -
Studentorganisasjonar	kr 94 000	kr 78 794	kr 15 206
Sum	kr 104 000	kr 88 794	kr 15 206

Sak 40 – 19/20: Studentmelding til NOKUT

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Mathilde Gaalaas-Berg
Vedlegg: Vedlegg 3 – AU sitt framlegg til Studentmelding blir lagt fram i møtet.

NOKUT – Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga – er eit fagleg uavhengig forvaltingsorgan under Kunnskapsdepartementet, og har i oppgåve å sikre og fremje kvalitet i utdanningane. NOKUT skal føre tilsyn med det systematiske kvalitetsarbeidet ved HVO denne våren. Dei skal kontrollere at kvalitetsarbeidet ved HVO tilfredsstiller krava i høgskule- og universitetslova, studiekvalitetsforskrifta og studietilsynsforskrifta. I den samanheng er Studentparlamentet invitert til å kome med ei skriftleg uttale til NOKUT om Studentparlamentet sitt perspektiv på kvalitetsarbeidet.

Uttalen til Studentparlamentet må vere forankra i Studentorganet som heilskap, og skal ikkje ta føre seg enkeltsaker. NOKUT kan bruke studentuttalen til å stadfeste opplysningar i den skriftlege dokumentasjonen frå Høgskulen, og uttalen kan også bli utgangspunkt for samtalar under besøket til NOKUT seinare i vår. Uttalen er i utgangspunktet offentleg, og det er difor viktig at den ikkje inneheld sensitive personopplysningar eller teiepliktig informasjon. Fristen for innsending er 31. januar 2020.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vedtek framlagt studentuttale til NOKUT.

Sak 41 – 19/20: Deltakarar på Studentkonferansen 2020

Type sak: Vedtakssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Studentrådet til UH-Nett Vest inviterer til sin årlege studentkonferanse i Bergen 27. februar. Tema er internasjonalisering og studentmobilitet. Vi kan sende opp til 7 studentar som får dekt reise og opphald. Frist for påmelding er 5. februar.

Forslag til vedtak: Studentparlamentet vel deltakarar til Studentkonferansen 2020.

Sak 42 – 19/20: Eventuelt

Type sak: Diskusjonssak
Sakshandsamar: Trym Nikolas Rimmen

Møtekritikk etter møteslutt